

## Referat frå møte i FAU

**Dato:** Tirsdag 25.02.25

**Tidspunkt:** 17.30-20.00

Desse møtte: Marte Verene Hjelmeseter, leiar FAU, Kristin Rutlin, nestleiar FAU, Frida Helleland Sætre, Anne Siri Bentsen, rektor/styrar. Forfall: Arne Venes

### Sakliste:

#### 1. Foreldrekontaktar og FAU sine rolle og oppgåver – gjennomgang

#### 2. Foreldreansvar klassar:

1.-2. + 6. klasse- foreldre: ansvar sommarfest

3.-4. klasse: ansvar 17. mai

5. og 7. klasse: ansvar juleavslutninga

FAU må sjekke med tidlegare FAU om det er oppretta eigen konto, og om det ev. står pengar på denne.

#### 3. Skulen har jubileum 35 år – innspel – organisering

Det var planlagt 30 års jubileum i 2020 når Korona stengte ned landet og det difor måtte utsettast. FAU foreslå at 35 års jubileet vert lagt til ein laurdag i juni slik at det kan bli ein bygdefest. FAU trur at mange i bygda har lyst å vere med på eit slikt arrangement. FAU meiner at dette arrangementet kan bli sommarfesten/blomsterfesten for skulen og barnehagen. Skulen/barnehagen bidreg med underhaldning, t. sangar og utstilling av barne- og elevarbeid mm. Ev. Legge til rette for Grilling av eigen mat, sal av kaffi og kaker, leiker mm. Saka vert å kome tilbake til. Ansvar organisering: FAU, foreldrekontaktar og skule og barnehage. Innkjøp/Inntekt til FAU. Barnehagen er endå eldre (etablert 1987?) og skal vere ein del av jubileet der fokus skal vere på heile oppvekstsenteret.

#### 4. Dugnad leikeplassen våren 2025

Det vert dugnad ein dag før 17.mai, men må vere sikre at det er tørt nok i været for maling. Male leikeapparat, rake, ev reparere leikeutstyr. Det som trengs av utstyr vert innkjøpt av skule/barnehage.

#### 5. Oppgradering lavvo og småbarnshuske

Det er ønske frå oppvekstsenteret sin del å kjøpe inn ein ny lavvo på uteområdet. Det er veldig kostbart, så det er usikkert kor tid dette kan realiserast. Det vert kjøpt inn nytt huskestativ dersom det ikkje kan byttast tverrbjelke. Nye småbarnshusker vert innkjøpt. Total kostnad huske og ev. Nytt stativ er ca. Kr. 35 000-40.000.-

#### 6. Vedlikehald bygning – kledning

Skifte av kledning på bygget mot leikeplassen er komen inn i vedlikehaldsplan for drift-teknisk. Det er opplyst at oppvekstsenteret får midlar og at arbeidet vert gjort i år.

#### 7. Foreldreundersøking

Det er særst låg svarprosent på foreldreundersøkinga (ca. 60%) og ut frå svar er det vanskeleg å trekke fram særskilte punkt., samt kor representativ undersøkinga er. FAU meiner at med sitt fokus på uteområdet, med organisering av dugnad og nye innkjøp fører det til at uteområdet blir opprusta, noko som har fått ei dårleg skåre. FAU minner om at uteområdet ved Blekksprut vert mindre nytta, men brukt som samling ved henting og t.d. organisering av ein aktivitet for ei barnegruppe. Alle avdelingar i barnehagen nyttar det store leike- uteområdet. I tillegg vert blant anna idrettsbana og Ylvisåkerneset nytta som leike- og turområde.

#### 8. Barnehage – og skuleåret 2025-2026

Planlegging av nytt skule- og barnehageår er starta. Det er lyst ut stillingar som lærar i skulen og fagarbeidar i barnehagen. Det vert prosess med tilsetjing. Opptak i barnehagen til nytt barnehageår startar tidleg i mars.

9. Skuleruta 2025-2026 [Skulerute+2025-2026\[1\].pdf](#)

Vert teke til orientering med merknad om at fredag 15 mai 2026 skal arbeidast inn for tilsette i skulen og elevane slik at det blir ein elevfri dag. Torsdag 14.mai er Kristi Himmelfartsdag og fridag, Skulen føreslår td at elevane kan starte fem minuttar tidlegare i ein periode slik at dei arbeider inn fredagen i forkant eller at det vert arrangert "skule" etter skuletid i løpet av året der ein arbeider inn timane. Innarbeiding avdagen for lærarane vert organisert av skulen sjølv. Organisering av innarbeidinga for elevar vert tatt opp som endeleg sak hausten 2025 i SU. (Det er planleggingsdag for barnehagane i Sogndal kommune den 15.mai 2026 og barnehagen er stengt).

10. Val av ekstra foreldrerepresentant til Skulemiljøutvalet. FAU organiserer dette raskt, slik at det er klart til møte i SMU.

11. Tematilsyn frå Miljøretta helsevern – Tryggleik og beredskap i skular og barnehagar.

Eter varsla tilsyn frå Miljøretta helsevern den 18.mars. Oppvekstsenteret ber om ny dato og utsetjing av tilsynet. Foreldre og elevar skal varslast om tilsynet og den nye forskrifta med rettleiar.

FAU og SU skal kome med skriftleg tilbakemelding om det er forhold dei ønsker skal takast opp under tilsynet.

Rettleiar: [Helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger - Helsedirektoratet](#)

Forskrift: [Forskrift om miljørettet helsevern - Lovdata](#)

11. Ymse

a. Etter innføring av parkering forbode på oppsida av skulen, heile døgnet, er det kome spørsmål frå skyttarlaget om FAU kan sende inn brev til kommunen om parkering på kveldstid. FAU ber skyttarlaget sende eit brev om dette og be om at FAU/SU uttalar seg.

b. Innkjøp av fleire leikeapparat. Det er ikkje pr. no økonomi til å kjøpe inn td. fleire husker. Kostnad med apparat og særleg med godkjent dekke/underlag er særers dyrt. FAU foreslår å sjå nærare på om klatrestativet ved Blekksprut (men dette blir og brukt av barn) kan flyttast eller seljast slik at ein ev. kan sette opp eit huskestativ eller sklie, sidan godkjent dekke allereie er på plass. Det vert å jobbe vidare med dette.

Marte Verene Hjelmeseter, leiar FAU

Anne Siri Bentsen, referent